

Sakshandsamar: Astrid Lernes, økonomisjef
 Sak nr.: 2022/1285 - 20

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
	01.12.2022	Formannskapet
	15.12.2022	Kommunestyret

Budsjett 2023 / Økonomiplan 2023-2026

Kommunedirektør rår formannskapet til å gje slik tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Driftsbudsjettet vert vedteke i samsvar med løyvingsskjema 1 og 2 som syner sum samla budsjetttramme for tenestemråda på kr 955 879 000 kr for året 2023.

Løyvingsskjema 1 kroner	Beløp i 1000	Budsjett 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Regulert Budsjett 2022	Rekneskap 2021
1 Rammetilskot		-473 217	-472 888	-473 496	-473 503	-423 507	-437 845
2 Inntekts- og formueskatt		-379 971	-379 971	-379 971	-379 971	-389 314	-358 497
3 Eigedomsskatt		-74 974	-88 332	-94 730	-96 340	-72 438	-72 707
4 Andre generelle driftsinntekter		-65 574	-62 840	-70 340	-72 340	-75 414	-62 619
5 Sum generelle driftsinntekter		-993 736	-1 004 031	-1 018 537	-1 022 154	-960 673	-931 669
6 Sum frå løyvingsskjema 2, netto		955 879	929 979	926 174	916 670	939 738	837 385
7 Avskrivningar		70 390	70 390	70 390	70 390	70 390	70 390
8 Sum netto driftsutgifter		1 026 269	1 000 369	996 564	987 060	1 010 128	907 775
9 Brutto driftsresultat		32 532	-3 663	-21 973	-35 094	49 454	-23 894
10 Renteinntekter		-10 500	-10 500	-10 500	-10 500	-6 792	-3 386
11 Utbyte		-8 000	-5 000	-5 000	-5 000	-9 550	-5 388
12 Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel		-3 500	-3 500	-3 500	-3 500	0	-4 746
13 Renteutgifter		40 500	45 000	49 200	57 300	22 908	13 101
14 Avdrag på lån		41 000	44 000	48 000	61 000	44 274	42 774
15 Netto finansutgifter		59 500	70 000	78 200	99 300	50 840	42 355
16 Motpost avskrivningar		-70 390	-70 390	-70 390	-70 390	-70 390	-70 390
17 Netto driftsresultat		21 642	-4 053	-14 163	-6 184	29 905	-51 929
Disponering eller dekking av netto driftsresultat							
18 Overføring til investering		2 880	2 880	2 880	2 880	2 880	3 604
19 Avsetjing til bundne driftsfond		2 788	2 788	2 788	2 788	5 031	25 292
19 Bruk av bundne driftsfond		-14 473	-10 650	-8 832	-6 087	-8 934	-12 493
19 * Herav frå Løyvingsskjema 2		-11 685	-7 862	-6 044	-3 300	-4 831	12 877
20 Avsetjing til disposisjonsfond		36 851	44 696	52 989	42 266	57 923	77 533
20 Bruk av disposisjonsfond		-49 688	-35 662	-35 662	-35 662	-86 804	-42 007
20 * Herav frå Løyvingsskjema 2		-36 311	-34 811	-34 811	-34 811	-53 611	-32 681

21	Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
22	Sum diponeringar eller dekking av netto driftsresultat	-21 642	4 053	14 163	6 184	-29 905	51 929
23	Framført til inndekking i seinare år	0	0	0	0	0	0

Løyvingsskjema 2		Budsjett	Økonomiplan	Økonomiplan	Økonomiplan	Regulert	Rekneskap
Beløp i 1000 kroner		2023	2024	2025	2026	2022	2021
Administrasjon		40 471	39 371	39 971	39 371	39 866	45 866
Oppvekst		330 294	329 145	329 185	329 185	320 690	315 434
Helse og omsorg		355 335	341 835	341 835	336 835	340 426	358 016
Plan og forvaltning		112 983	92 122	90 321	89 152	107 039	103 398
Kultur og næring		68 800	68 834	68 007	68 017	56 981	50 495
Kraft		-34 000	-18 000	-18 000	-18 000	-17 430	-9 371
Fellesområde pensjon og lønnsavsettingar		34 000	34 000	34 000	34 000	33 724	-46 278
Budsjettramme tenesteområda		907 882	887 306	885 319	878 559	881 296	817 580
Overført til løyvingsskjema 1							
		Budsjett	Økonomiplan	Økonomiplan	Økonomiplan	Regulert	Rekneskap
		2023	2024	2025	2026	2022	2021
Budsjettramme eks. avsetjing og bruk av fond		955 879	929 979	926 174	916 670	939 738	837 385
Netto avsetjing og bruk av disposisjonsfond		-36 311	-34 811	-34 811	-34 811	-53 611	-32 681
Netto avsetjing og bruk av bundne fond		-11 685	-7 862	-6 044	-3 300	-4 831	12 877
Budsjettramme tenesteområda		907 882	887 306	885 319	878 559	881 296	817 580

2. Investeringsbudsjettet for 2023 vert vedteke i samsvar med løyvingsskjema Investering og Løyvingsoversikt prosjekt.

Løyvingsskjema Investering		Budsjett	Økonomi-	Økonomi-	Økonomi-	Regulert	Rekneskap
Beløp i 1000 kroner		2023	plan 2024	plan 2025	plan 2026	2022	2021
1	Investeringar i varige driftsmidler	131 325	178 200	351 000	266 000	106 740	87 990
2	Tilskudd til andres investeringar	4 700	1 000	1 000	1 000	6 150	3 134
3	Investeringar i aksjer og andeler i selskaper	2 880	2 880	2 880	2 880	9 160	2 459
4	Utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
5	Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
6	Sum investeringsutgifter	138 905	182 080	354 880	269 880	122 050	93 584
7	Kompensasjon for merverdiavgift	-15 865	-30 280	-65 200	-48 200	-12 231	-11 784
8	Tilskudd fra andre	-900	-14 000	0	0	-5 245	-5 730
9	Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0	0	-2 187
10	Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
11	Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
12	Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-1 026	-1 038	-1 050	-1 062	-1 014	-693
13	Bruk av lån	-119 260	-134 920	-286 800	-218 800	-101 694	-69 011
14	Sum investeringsinntekter	-137 051	-180 238	-353 050	-268 062	-120 184	-89 404
15	Videreutlån	60 000	60 000	60 000	60 000	60 000	28 090
16	Bruk av lån til videreutlån	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000	-27 965
17	Avdrag på lån til videreutlån	1 737	2 172	2 588	3 381	2 392	9 720
18	Mottatte avdrag på videreutlån	-2 191	-2 456	-2 715	-2 965	-1 827	-10 635
19	Netto utgifter videreutlån	-454	-284	-127	416	565	-790

20	Overføring fra drift	-2 880	-2 880	-2 880	-2 880	-2 880	-3 604
21	Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	454	284	127	-416	-565	750
22	Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	1 026	1 038	1 050	1 062	1 014	-536
23	Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
24	Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-1 400	-1 558	-1 703	-2 234	-2 431	-3 390
25	Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	0	0	0	0	0	0

Fordelt på følgende investeringar:

Løyvingsskjema							
Investering							
Beløp i 1000 kroner		Budsjett 2022	Økonomi- plan 2023	Økonomi- plan 2024	Økonomi- plan 2025	Økonomi- plan 2026	Rekneskap 2021
Inventar og utstyr							
20150	Utstyr Fosshagen barnehage	220					1 007
22200	Rammeløyving div. prekære invest.behov	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	
22210	Reinhald - utstyr	2 700					
IKT							
22102	Rammeløyving IKT	2 900	3 500	3 500	3 500	3 500	
Bygningar							
232	Brannstasjon Balestrand	3 595					15 766
248	Dagsturhytte - Gulleplenipa			1 400			251
1961	Aktivitetshus psykisk helse og rus		1 000	6 000			
18371	Oppgradering av fasade i Saften	-850					
19262	Bod ved barnebustad Stadheimsgarden	720					37
20301	Omsorgsbustader Stedjevegen		5 000	26 000			
20305	Fosshagen barnehage	6 820					2 310
20308	Tilbygg Belehalli	1 000	16 000				
20309	Fløy C Leikanger ungdomsskule	6 110					106
21300	Brannstasjon Leikanger	821					296
21302	Ny barnehage Kaupanger-prosjektering	2 000					
21303	Skuleutbygging Sogndal sentrum	800	6 000	60 000	250 000	120 000	
21304	Ombygging Sogndal kulturhus	2 470					29
22325	Samfunns- kultur og adm.lokale Saften	10 300	2 000	22 000			84
22310	Barnehage Leikanger	500		500	18 000	18 000	
22300	Bygg - rammeløyving	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000	
22315	Leikanger 1-10 skule	1 000			35 000	80 000	
22311	Notsete barnehage	1 500					
22312	Rones barnehage	1 500					
22320	Kjøp av lokale Dalavegen 2	4 000					
22326	FIG-lager Hanahaug	889					
Veg og parkering							
1842	Bru over Sogndalselva	-3 000					8 508

1947	Parkeringsplass Ølmheim kyrkje	120					
21400	Ny avkøyring frå RV 5 ved Ingafossen		3 000				
21403	Veganlegg Kaupanger industrifelt	390					901
22400	Veg - rammeløyving	8 000	8 000	8 000	8 000	8 000	
	Trafikkøysing Leikanger barneskule		500	2 500			
NY	Gatelys - utskifting		2 000	1 500	1 500	1 500	
NY	Oppgradering av Kvålevegen/gangvegar		10 000	10 000			
NY	Oppgradering av Amlavegen		11 000				
Vatn og avlaup							
20602	VA Ny slamskiljar Lunde			1 000			
20606	VA Vassleidning Lunde			800			
21500	VA Avlaup - Rammeløyving	7 000	7 000	10 000	10 000	10 000	
21501	VA Vatn - Rammeløyving	7 000	7 000	15 000	15 000	15 000	
21502	VA-Gravensteinsgata	2 820					350
21504	VA-Kaupangervegen/Amla	7 460					721
21505	VA-høgdebasseng Hodlekve	6 950					328
21506	VA-jordbruksledning Leikanger	100	11 000				0
1720	VA Brannvassleidning Kaupanger	2 480					769
20603	VA Sanering av VA-anlegg Villavegen	500					8 379
19341	VA Trastadalsdammen - utbetring	8 810					7 283
NY	VA Kongabergvegen		2 500				
NY	VA Reinseanlegg Sogndal		1 000				
NY	VA Nornes		14 500				
NY	Bustadfelt Amla		8 000				
Bustadfelt og reguleringsplanar							
727	Reguleringsplan Saurdalen		200				31
20550	Bustadtilrettelegging Hittun Balestrand		625				
NY	Reguleringsplan Kvåle		1 500				
Kyrkja							
1965	Kyrkjestove Kaupanger gravlund	210	3 700				101
20700	Utviding av kyrkjegard Stedje kyrkje	500					4 752
21305	Brannsikring Leikanger kyrkje	325					2 136
21306	Toalett og bårerom Leikanger kyrkje	50					
22800	Rammeløyving investeringsbehov Sogndal kyrkjelege fellestråd	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	
Andre investeringar							
721	Hittunsfjøra småbåthamn	2 380					120
1964	Gjestebygge	1 500					
15360	Kleppa grunnkjøp	300					
NY	Grunnkjøp/sal - rammeløyving		1 000	1 000	1 000	1 000	
Anna							
	Diverse avslutta prosjekt						35 991
		112 890	136 025	179 200	352 000	267 000	90 255

3. Ramme for opptak av lån vert på totalt kr 179 000 000

- a. Lån til investeringar i 2023 kr 119 000 000, jf. kommunelova § 14-15.

- b. Lån til vidare utlån i 2023 kr 60 000 000, jf. kommunelova § 14-17.
4. Med heimel i eigedomskattelova §§ 2 og 3, og overgangsføresegn i eigedomskattelova § 13 tredje ledd for kommunar som er slegne saman, vert det fatta fylgjande vedtak om utskriving av eigedomsskatt i Sogndal kommune for 2023:
 - a. På bakgrunn av kommunesamanslåinga starta overgangsperioden for samordning av eigedomsskatten i 2021 (eigedomskattelova § 13 tredje ledd). Lik felles skattesats for bustadeigedom og fritidseigedom skal vera 2,6 promille i 2023 (overgangsperiode for samordning av skattesatsar på 2 år). Lik skattesats for anna fast eigedom er 7 promille allereie i 2021.
 - b. Utskrivingsalternativ for 2023, skatt skal skrivast ut på: Faste eigedomar i heile kommunen (eigedomskattelova § 3 fyrste ledd bokstav a). Det skal også skrivast ut skatt på dei særskilde skattegrunnlaga frå tidlegare «verk og bruk» i dei tre tidlegare kommunane, redusert med fem sjuandedelar i 2023 (overgangsregel til eigedomskattelova §§ 3 og 4 første ledd første punkt).
 - c. Skatteetaten sitt formuesgrunnlag vert nytta for utskriving av skatt på bustadeigedomar (eigedomskattelova § 8 C-1).
 - d. Fritak frå eigedomsskatt: Eigedomar som i 2022 har fått fritak etter eigedomskattelova §§ 7 bokstav a og bokstav b får tilsvarende fritak i 2023. Fritak etter eigedomskattelova § 7 kan bli gjeve til andre kvalifiserte eigedomar etter søknad, før utskriving finn stad i 2023.
 - e. Skattesatsar for 2023: Generell sats på 7 promille for heile kommunen (gjeld næringseigedom, energianlegg osv.). Skattesats på 2,6 promille for bustadeigedom og fritidseigedom i heile kommunen (skattesats heilt samordna i dei 3 tidlegare kommune-delane). Skattesats på dei særskilde skattegrunnlaga er 7 promille i heile kommunen (overgangsregel til eigedomskattelova §§ 3 og 4 første ledd siste pkt.).
 - f. Tal terminar: Eigedomsskatten skal betalast over 2 terminar (eigedomskattelova § 25).
5. Økonomiplan 2023-2026 vert vedteken i samsvar med løyving skjema presentert i vedtakspunkt 1 og 2.
6. Økonomiplanen sine rammer for 2024-2026 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.
7. Dokumentet «Årsbudsjett 2023 /økonomiplan 2023-2026» utgjer det overordna styringsdokumentet for den kommunale verksemda for åra 2023-2026.
8. Prishefte 2023 for Sogndal kommune vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 3. Kommunedirektøren får fullmakt til eventuell oppretting og mindre justeringar av satsane.

Vedlegg:

1. Årsbudsjett 2023 / Økonomiplan 2023-2026
2. Notat om sjølvkostberekningane
3. Prishäfte 2023
4. Budsjettinnspel frå kontrollutvalet
5. Innspel til budsjettet frå «Vener av Balestrandfjella»
6. Uttale frå aktivitet- og friluftsrådet

SAKSFRAMSTILLING

Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 for Sogndal kommune er utarbeidd av finansutvalet. Budsjettarbeidet i finansutvalet har vore gjennomført med eit arbeidsdokument til kvart møte, der finansutvalet suksessivt har teke stilling til viktige prinsipp i årsbudsjettet og økonomiplan.

Det har vore tre møte i finansutvalet i 2022. Kommunedirektøren har på bakgrunn av finansutvalet sitt arbeid og prosessvedtaka som er gjort, utarbeidd eit samla budsjett-/økonomiplandokument.

2023 er det fjerde driftsåret i nye Sogndal kommune og driftssituasjonen er framleis krevjande. Budsjettet syner eit negativt netto driftsresultat i 2023 på 21,6 mill. kr. Netto driftsresultat dei andre åra i økonomiplanperioden syner ei positiv utvikling.

Underskotet i drifta i 2023 kan i stor grad forklarast ved at kommunen byggjer ned sjølvkostfond innan vatn og avløp og at innsparingskrava i pleie og omsorg er redusert for 2023. Det reduserte innsparingskravet betyr ikkje at omstillingsbehovet i sektoren er blitt mindre, berre at det trengst meir tid for å klare omstillinga.

Det negative driftsresultatet i 2023 vert saldert ved bruk av disposisjonsfond.

På investeringssida er det særleg innanfor oppvekst at vi har behov for auka kapasitet. Det er sett i gang plan- og utgreiingsprosessar for å finne dei framtidsette løysingane. Det er òg planlagt betydelege investeringar innanfor vatn og avløp. Elles er det lite nye prosjekt som er prioritert inn i investeringsbudsjettet.

Auka levekostnadar vil me sjå att i kommunen sine utgifter til økonomisk sosialhjelp. Aktiv bruk av formidlingslån vil vere viktig for at fleire skal kunne komme seg inn på bustadmarknaden. Det er stor etterspurnad etter formidlingslån/startlån, og i dette framlegget vert det difor tilrådd å auke det årlege låneopptaket til 60 mill. kr. I tillegg kjem handteringa av flyktningssituasjonen der dei økonomiske konsekvensane vil vere gjeldande i mange år framover.

Endringar sidan siste møte i finansutvalet, 27.10.22

Kommunedirektøren vil opplyse om at det er gjort følgjande endringar i framlegg til budsjett i høve dei vedtaka som finansutvalet gjorde i arbeidsdokument 3/2022.

Eigedomsskatt:

Det vart opplyst i arbeidsdokument 3 til finansutvalet at inntektsføresetnadane så langt var dei same som i gjeldande økonomiplan 2022-2025. Dette på grunn av at ein ikkje hadde tilstrekkelege opplysningar til å gjere nye berekningar.

Kommunedirektøren har no fått oppdatert inntektsgrunnlaget og gjort nye berekningar slik:

	2023	2024	2025	2026
Budsjettert eigedomsskatt, A-dok 3/2022	72,606	82,998	86,681	86,236
Nytt estimat, innarbeidd i framlegg til budsjett	74,974	88,332	94,730	96,340
Auka eigedomsskatt	2,368	5,334	8,049	10,104

Denne auken er med på å betre budsjettbalansen i økonomiplanperioden.

Renteutgifter og avdrag:

Det har vore naudsynt å gjennomføre nye berekningar knytt til minimumsavdrag. Oppdaterte tal syner at det har vore naudsynt å auke budsjetterte avdrag for 2024 med 1 mill. kr for 2026 med 8 mill. kr. Vidare er renteutgiftene auka med 3,7 mill. kr i 2025 og 9,3 mill. kr i 2026.

Endringar i fond

Flyktningefond:

Flyktningefondet skal nyttast til å dekke inn utgifter kommunen har som følgje av å vere vertskommune for flyktningar. For å dekke inn alle budsjetterte kostnader har det vore naudsynt å budsjettere med ein auka bruk av fondet i 2023 på om lag 3 mill. kr til 36,6 mill. kr.

Parkeringsfond:

Auka utgifter knytt til parkering har ført redusert avsetning til parkeringsfond, frå vel 3 mill. kr til 0,85 mill. kr.

Sjølvkostfonda:

Innafor sjølvkostområdet er budsjettert bruk av sjølvkostfond redusert utover i økonomiplanperioden. Gebyrandelen er såleis auka. Budsjettert bruka av fond er redusert stegvis frå 8,5 mill. kr i 2023 til om lag 1 mill. kr i 2026. Sjølvkostberekningane ligg ved saka i eige notat, jf. vedlegg 2.

Avvik i detaljbudsjetteringa:

Alle tenesteleiarar har no gjennomført ei detaljbudsjettering av 2023-budsjettet i rekneskapssystemet Visma. Det er gjennom dette arbeidet at nivået på dei ulike kostnads- og inntektsartane vert fastsett. Det er først når dette arbeidet er gjort at vi

får utarbeidd dei endelege obligatoriske budsjett-skjemaene som dannar grunnlaget for budsjettvedtaket. Det har i løpet av dette arbeidet skjedd nokre mindre justeringar knytt til arbeidsgjevaravgift og pensjon på sektorområda. Dette fører til at det vil vere nokre små avvik mellom dei obligatoriske budsjettskjema som vart presentert i arbeidsdokument 3 til finansutvalet og denne saka.

Eigedomsskatt

Kap. 4 i lov om eigedomsskatt til kommunane set rammer for kommunestyret sitt handlingsrom i høve til fastsetjing av skattesatsar for ulike skatteobjekt.

Kommunestyret fastset kvart år i samband med sitt budsjettvedtak kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for det komande året. For bustader og fritidsbustader er maksimalsatsen 4 promille, for andre skatteobjekt er maksimalsatsen 7 promille.

Når det gjeld skattesatsen for andre skatteobjekt er den på maksimal sats, dvs 7 promille.

På bustad og fritidsbustader hadde dei gamle kommunane ulik skattesats ved samanslåinga. Ved samanslåing av kommunar gjeld særskilde reglar for auke av skattesatsane mv. i ein overgangsperiode på inntil tre år. Overgangsperioden skal nyttast til å samordna skattesatsen.

Ved handsaming av budsjettet for 2021 fastsette kommunestyret slik samordning av skattesatsane:

	2021	2022	2023	2024
Sogndaldelen	2,6 ‰	2,6 ‰	2,6 ‰	2,6 ‰
Leikangerdelen	2,6 ‰	2,6 ‰	2,6 ‰	2,6 ‰
Balestranddelen	0,86 ‰	1,72 ‰	2,6 ‰	2,6 ‰

Kommunestyret har så langt følgt opp planen for samordnigna av satsane.

Skattesatsane i den nye kommunen må vera samordna før kommunen evt. kan auka satsen etter dei vanlege reglane i eigedomsskattelova. Skattesatsen kan aukast med maksimalt 1 promille for kvart år. Dersom ein ynskjer å auka skattesatsen til maksimalt lovleg nivå, kan dette gjerast slik det går fram av tabellen nedanfor:

	2022	2023	2024	2025	2026
Sogndaldelen	2,6 ‰	2,6 ‰	3,6 ‰	4,0 ‰	4,0 ‰
Leikangerdelen	2,6 ‰	2,6 ‰	3,6 ‰	4,0 ‰	4,0 ‰
Balestranddelen	1,72 ‰	2,6 ‰	3,6 ‰	4,0 ‰	4,0 ‰

Av omsyn til budsjettbalansen tilrår kommunedirektøren at skattesatsen blir auka til maksimalt nivå i økonomiplanperioden. Det er dette som er innarbeidd i framlegg til budsjett og økonomiplan. Skattesatsane blir med bindande verknad fastsett av kommunestyret kvart år i samband med budsjettvedtaket for det komande året. Auka skattesats frå 2,6 til maksimalt 3,6 promille vil såleis evt. bli fastsett i desember 2023

for budsjettåret 2024, og tilsvarende evt. auke til 4 promille for budsjettåret 2025 i budsjettvedtaket i desember 2024. Kommunestyret må koma attende til endeleg bindande fastsetjing av skattesatsen for dei aktuelle åra ved seinare rullering av budsjett og økonomiplan.

Uavhengig av skattesats er det budsjettert med ein auke på om lag 1 mill. kr kvart år i planperioden som er knytt til andre føresetnader, t.d tal skatteobjekt.

Om ein vel å halde fast på 2,6 ‰ for bustad og fritidsbolig også for 2024 og 2025 vil det føre til ein innteksreduksjon på om lag 11,7 mill. kr i 2024 og 16,5 mill. kr i 2025.

Basert på beste estimat i høve til eigedomsskattegrunnlag, og lagt til grunn auke til 3,6 promille for skatteåret 2024, og til maksimal skattesats på 4 promille frå 2025, har kommunedirektøren berekna slik forventa inntekt frå eigedomsskatt:

	2023	2024	2025	2026
Energianlegg	31,825	32,300	32,800	33,300
Næring	13,369	13,470	13,570	13,670
Bustad og fritid	29,360	42,092	47,880	48,880
Anna fast eigedom	0,419	0,470	0,480	0,490
Sum	74,973	88,332	94,730	96,340

Kommunedirektøren understrekar at berekningane byggjer på skjønsmessige vurderingar i høve til framtidig eigedomsskattegrunnlag, og må sjåast på som beste estimat. Det er også nytta skjønns ved berekning av auken i tal skatteobjekt. Det knyter seg betydeleg usikkerheit spesielt til framtidig utvikling i eigedomsskattegrunnlag for kraftverk (som tilhøyrer eigedomsskattetypen energianlegg saman med kraftnettet) og bustadeigedomar som får fastsett bustadverdi (formuegrunnlag) av skatteetaten.

Investeringar

I investeringsplanen for 2023-2026 er det lagt inn investeringar for 945,7 mill. kr i planperioden. Alle prosjekta med unntak av VA og parkering vert budsjettert med mva.

Investeringsprogrammet er i stor grad ei vidareføring av investeringar som allereie låg i økonomiplan for 2022-2025. Det betyr at dei store investeringane knytt til skule både i Sogndal og Leikanger er prioritert inn i planen. Det høge investeringsnivået fører til at dette framlegget bryt med handlingsregelen som tilseier ein maksimal gjeldsgrad på 85 prosent dei neste 4 åra.

Bestillingar frå finansutvalet

Finansutvalet bestilte i sitt siste møte 5 ulike utgreiingar. Kommunedirektøren vil i det følgjande svare ut desse utgreiingane.

Aktuelle sikringstiltak mot plastforureining (plastgranulat) frå kommunale anlegg med kostnadsestimat for tiltak i perioden frå 2023

Sogndal kommune er ansvarleg for drifta av tre fotballbanar og to ballbingar der dekket består av bl.a gummigranulat. Det er på desse anlegga at det er naudsynt å gjennomføre sikringstiltak mot forureining. Kommunedirektøren har utarbeidd ein plan for dei tiltaka som er naudsynt og gjort eit grovt kostnadsestimat.

Planlagte tiltak er:

- Fjerna ca. 7 m³ laust granulat rundt banane
- Produsere informasjonsskilt, «Kost av deg her»
- Bestilt utstyr til oppsamling av granulat, sil for kummer
- Publikumssluse - rister for gående
- Spillerstasjon
- Rister for kjørende med 4 koster
- Ministasjon
- Montere opp informasjonsskilt
- Monter rister og sil til avløpa rundt banane.

Noko av gjennomføringa er allreie starta opp i 2022. Det gjenståande arbeidet er kostnadsrekna til ca. 0,9 mill. kr. Det er føresett at dette vert gjort i løpet av 2023, slik at kostnadane er innarbeidd i budsjettet.

Konsekvens av å ikkje regulere kommunal husleige

Basert på den bustadmassen som er utleid no i slutten av 2022 syner kommunedirektøren sitt estimat at den økonomiske konsekvensen ved å ikkje regulere kommunal husleige vil vere på 1,5 mill. kr.

Retningslinjer og finansiering av eit regionalt utviklingsfond

Finansutvalet bestilte ei utgreiing som skulle sjå på retningslinjer og finansiering av eit regionalt utviklingsfond. Dette er ei stor utgreiing som vil innehalde mange problemstillingar som må vurderast, t.d geografisk avgrensing, innretning, tildelingskriteriar. Kommunedirektøren har dessverre ikkje hatt kapasitet til å gjennomføre dette utgreiingsarbeidet på den korte tida sidan møtet i finansutvalet 27.10.22, og vil kome attende til dette på eit seinare tidspunkt.

Konsekvens av å ikkje auke eigedomsskatten

Kommunedirektøren har i si utgreiing tolka spørsmålet slik at det er den økonomiske konsekvensen av å ikkje auke skatteprosenten som her er ønskjeleg å få oversikt over. Som nemnt under avsnittet om eigedomsskatt kan andre endringar, t.d endringar i tal skatteobjekt, ha verknad på kommunen sine eigedomsskatteinntekter.

Vi har to ulike alternativ:

Alternativ 1 – skattesatsane vert som i 2022, dvs skattesatsen er ikkje harmonisert i heile kommunen (lågare sats i gamle Balestrand kommune på bustad og fritidsbolig).

	2023	2024	2025	2026
Budsjettert eigedomsskatt	74,974	88,332	94,730	96,340
Nytt estimat, skattesats frå 2022 vidareført	73,726	75,352	76,962	78,572
Redusert eigedomsskatt	-1,248	-12,980	-17,768	-17,768

Alternativ 2 – skattesatsane vert harmonisert i 2023 – deretter vidareført

	2023	2024	2025	2026
Budsjettert eigedomsskatt	74,974	88,332	94,730	96,340
Skattesats harmonisert i 2023, deretter vidareført	74,974	76,640	78,250	79,860
Redusert eigedomsskatt	0,000	-11,692	-16,480	-16,480

Oversikt over fondsutviklinga

Finansutvalte bestilte ei oversikt over utviklinga i disposisjonsfond i økonomiplanperioden, samt konsekvensen ved å ikkje auke eigedomsskatten som føresett.

Tabellen nedanfor syner utviklinga på disposisjonsfond i høve framlegg til budsjett inklusive utviklinga i 2022.

	2022	2023	2024	2025	2026
Disposisjonsfond 1.1.	156,600	127,719	114,882	123,916	141,243
Budsjettert bruk/avsetting	-28,881	-12,837	9,034	17,327	6,604
Disposisjonsfond pr 31.12	127,719	114,882	123,916	141,243	147,847

Ved endring av eigedomsskattesatsen, jf. alterantiv 1 i utgreiinga overfor, vil utviklinga av disposisjonsfondet bli slik:

	2023	2024	2025	2026
Disposisjonsfond 1.1.23	127,719	113,634	109,688	109,247
Budsjettert bruk/avsetting	-12,837	9,034	17,327	6,604
Redusert eigedomsskatt, alt. 1	-1,248	-12,980	-17,768	-17,768
Disposisjonsfond pr 31.12	113,634	109,688	109,247	98,083

Ved endring av eigedomsskattesatsen, jf. alterantiv 2 i utgreiinga overfor, vil utviklinga av disposisjonsfondet bli slik:

	2023	2024	2025	2026
Disposisjonsfond 1.1.23	127,719	114,882	112,224	113,071
Budsjettert bruk/avsetting	-12,837	9,034	17,327	6,604
Redusert eigedomsskatt - alt. 2	0,000	-11,692	-16,480	-16,480
Disposisjonsfond pr 31.12	114,882	112,224	113,071	103,195

Det vedlagte budsjettdokumentet syner at vi ikkje når måtalet knytt til disposisjonsfond før i 2025. Ved å redusere inntektene knytt til eigedomsskatt vil dette måtalet bli ytterlegare redusert.

Prishefte

Prisheftet for 2023, som syner prisar på kommunale tenester, er blitt oppdatert og følgjer som vedlegg. Det er i samsvar med forskrift om registrerings- og bevillingsordning for tobakksvarer § 33 lagt inn tilsynsavgift for salsstadar. Kommunedirektøren vil kome attende med framlegg til ein større revisjon av prisheftet i løpet av 2023.

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjettramme for 2023

Etter forskrift om kontrollutval § 18 skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Budsjettforslaget skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Vedlagt følgjer kontrollutvalet si saksframstilling og saksprotokoll i sak 17/2022 - Framlegg til budsjett for kontrollutvalet for 2023.

Innspel frå andre

I etterkant av sist møte i finansutvalet er det kome to innspel. Kommunedirektøren har den 20.11.22 motteke innspel frå «Vener av Balestrandsfjella» v/Einar Målsnes. Innspelet er knytt til investeringsprosjektet Dagsturhytte Gullepelenipa. Kommunedirektøren vert bedt om å gjere innspelet kjent for kommunestyrepolitikarane så snart som råd og før sak skal opp til vedtakshandsaming. Vedlagt følgjer innspelet frå «vener av Balestrandsfjella».

Den 23.11.22 mottok kommunedirektøren aktivitet- og friluftsrådet sine kommentarar til hovudprioriteringar i budsjett- og økonomiplanarbeidet. Innspelet følgjer vedlagt.